



# Seljord kommune



## HOVUDPLAN VATN OG AVLØP 2020 -2030

Hovudplan vatn og avløp, Seljord kommune, 2020-2030. Vedteken av kommunestyret 10.12.2020.

# Samandrag

## INNLEIING

Hovudplan VA er ein separat plan som skal synleggjere hovudutfordringar for Seljord kommune innom VA sektoren dei neste 10 år. Planen skal synleggjere investeringsbehov og naudsynt driftsnivå fram mot 2030.

Det er ei målsetjing at handlingsdelen av hovudplanen vert revidera jamleg på stutt og lang sikt og innan budsjettprosessen kvart år.

Arbeid innom VA området er samansett med langsiktige planar (reguleringsplanar mm), konsesjonar (utsleppsløyve) og administrativ styring i høve inntekter (lov om vass- og kloakkanlegg), lokale gebyrregulativ og sakshandsaming. I tillegg kjem ordinær drift samt investeringsprosjekt.

Teknisk drift og vedlikehald har valt å ta med overvasshandsaming i plandokumentet.

Overvassproblematikk er utfordrande i høve nye klimaanalyser og lokale avrenningstillhøve. Det er særskilt problematisk i området der overvatnet ikkje får renne fritt men er lukka i grøfter over lengre strekk. I byrjinga av planperioden vil arbeide handle om ei grundig kartlegging i aktuelle området av kommunen for seinare å prioritere utbetringar i dei felt der risikoen for store øydeleggingar er størst.

Målsetjinga med hovudplanen VA å gje eit bilete av nåsituasjonen og utfordringar framover både for kommunen som samfunn og som organisasjon, samt avgjere kva for planar/prosjekt det skal arbeidast med framover. Hovudplanen VA er eit sentralt dokument i høve andre strategiske planar i Seljord kommune som planstrategi, arealplan, kommunedelplanar, reguleringsplanar, byggesaker og ikkje minst budsjettplanane i åri fram mot 2030.

Seljord kommune må førebu seg på relativt store investeringar i perioden fram mot 2030. Det er særleg tilhøva i Flatdal og Seljord som krev store investeringar for å ivareta kommunens forpliktelsar mot tilsynsmynde og abonnentar. Finansieringa av desse tiltaka må i hovudtrekk finansierast gjennom ein avgiftsauke dei neste åri.

Innleiing .....	2
1. Overordna mål for vassforsyning, avløpsreinsing og overvasshandtering i Seljord kommune .....	5
1.1 Vassforsyning .....	5
1.2 Avløpshandsaming .....	5
1.3 Overvassnett i Seljord .....	5
2. Nasjonale og lokale rammebetingelsar .....	5
2.1 Nasjonale rammebetingelsar .....	5
2.1.1 Plan og bygningslova .....	5
2.1.2 Forureiningslova .....	6
2.1.3 Forureiningsforskrifta .....	6
2.1.4 Vassressurslova .....	6
2.1.5 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg .....	6
2.1.6 Forskrift om rammer for «vannforvaltning» .....	6
2.1.7 Drikkevassforskrifta .....	7
2.1.8 Internkontrollforskrifta .....	7
2.2 Lokale rammebetingelsar .....	7
2.2.1 EU's rammedirektiv for vatn .....	7
2.2.2 Lokal føresegner om vass- og avløpsgebyr .....	8
2.2.3 Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.....	8
3. Folketalsutvikling – fastbuande, reiseliv og hytter.....	8
3.1 Folkemengde fastbuande .....	8
3.2 Folketalstilskot - fritidsbustader .....	9
3.3 Klima og overvasshandtering .....	9
3.3.1 Klima- og Energiplan Seljord kommune .....	10
3.4 Planlagde og eksisterande utbyggingsområde .....	10
3.4.1 Bustadbygging .....	10
3.4.2 Næringsareal – næringsbygg .....	10
4. Avløp – Tilknytt inndelt etter reinsedistrikt .....	11
4.1 Overordna tilstandsvurdering avløpsanlegga i Seljord .....	12
5. Overvassnett i Seljord .....	13 4

5.1 Overordna vurdering av overvassutbetringar Seljord .....	13
6. Vassforsyning i Seljord .....	14
6.1 Godkjente vassverk i Seljord kommune .....	14
6.2 Overordna tilstandsvurdering av vassforsyninga i Seljord .....	15
7. Handlingsplan for VA og overvasshandsaming 2020-2030 .....	16
7.1 Tiltak generelt vassforsyning, avløpsreinsing og overvasshandsaming .....	16
7.2 Området Flatdal .....	17
7.2.1 Avløpsreinsing Flatdal .....	17
7.2.2 Vassforsyning Flatdal .....	17
7.3 Området Århus .....	18
7.3.1 Avløpsreinsing Århus .....	18
7.3.2 Vassforsyning Århus .....	19
7.4 Området Åmotsdal .....	20
7.4.1 Avløpsreinsing Åmotsdal .....	20
7.4.2 Vassforsyning Åmotsdal .....	20
7.5 Området Seljord .....	21
7.5.1 Avløpsreinsing Seljord .....	21
7.5.2 Vassforsyning Seljord .....	21
7.6 Øvrige området .....	22
7.6.1 Avløpsreinsing i øvrige delar av Seljord kommune .....	22
7.6.2 Vassforsyning i øvrige delar av Seljord kommune.....	22
8. Finansiering og sjølvkost .....	23
8.1 Investeringar 2020-2030 .....	23
8.2 Konsekvensar for drift .....	23

## **1. OVERORDNA MÅL FOR VASSFORSYNING, AVLØPSREINSING OG OVERVASSHANDTERING I Seljord KOMMUNE**

### **1.1 VASSFORSYNING**

Seljord kommune skal levere drikkevatn i tråd med dei til ein kvar tid gjeldande nasjonale føringane i landet. Drikkevassforskrifta gjev føringar for mengde, trykk og fysisk/kjemisk/biologisk (hygienisk) vasskvalitet. Seljord kommune har vedteke standard abonnementsvillkår administrative og tekniske bestemmelser. Desse standardvillkåra pålegg kommunen å syte for leveringstryggleik på nett samt minimums trykk/mengde til private. Kommunal vassforsyning i Seljord skal ha oppdaterte internkontrollsysteem og beredskapsplanar i trå med IK-MAT (internkontroll næringsmiddellovgjevnad)

### **1.2 AVLØPSHANDSAMING**

Seljord kommune skal handsame avløp i trå med dei nasjonale krav til utslepp ytre miljø. I tillegg skal alle anlegg planleggast og arbeidast for eit best mogleg arbeidsmiljø med fokus på luktulemper, handtering av gassar på anlegg og installasjonar, utarbeide rutinar for tryggleik av tilsette og omgjevnad samt sikre ein vasskvalitet i vatn og vassdrag som sikrar ålmenta si interesse for bruk.

Kommunal avløpshandsaming skal ha oppdatera internkontrollsysteem og beredskapsplanar i trå med internkontrollforskrifta.

### **1.3 OVERVASSNETT i Seljord**

Seljord kommune skal arbeide for at kommunen er førebudd på auka vassføring i lokale vassdrag slik at skade på communal infrastruktur vert minimal. Gjennom oppgradering av planverk, kommunale vegar og bustadfelt/sentrumsområdet vil auka fokus på lokal avrenning bidra til å redusere eventuelle skader ved mykje nedbør.

Kommunale bustadfelt i Seljord skal opparbeidast med eigne separate overvasssystem.

## **2. NASJONALE OG LOKALE RAMMEBETINGELSAR**

### **2.1 NASJONALE RAMMEBETINGELSAR**

#### **2.1.1 Plan og bygningslova**

Plan- og bygningslova er den generelle arealdisponeringslova i Noreg. Arealplanar og reguleringsplanar legg føringar på korleis areala i dei enkelte områda kan utnyttast. Oppføring av reinseanlegg, legging av leidningsnett krev løyve etter PBL: PBL stiller 6

samstundes krav til at alle bygg skal ha tilfredsstillende vass- og avløpstillselv. Kommunen er myndighet etter PBL.

Gjennom PBL§§ 27-1 og 27-2 har kommunen heimel til å pålegge tilkobling til kommunalt nett for private bygg. Dette gjeld særleg om kommunalt nett ligg i nærleiken av bygga eller om private løysingar ikkje er tilfredsstillande.

### **2.1.2 Forureiningslova**

Lov om vern mot forureiningar har som føremål å verne det ytre miljø mot forureiningar og å redusere eksisterande forureining. Vidare er føremålet å sikre forsvarleg miljøkvalitet slik at forureiningar ikkje fører til helseskade, går ut over trivsel eller skadar naturens evne til produksjon og sjølvfornying.

Forureiningslova definerar avløpsvatn både som vatn frå sanitærinstallasjonar, industri og overvatn. I den grad lova berører vassverkseigarar er det i samband med sanitærinstallasjonar på vassverk.

### **2.1.3 Forureiningsforskrifta**

Forureiningslova har særlege bestemmingar om avløpsvatn gjennom «Forskrift om begrensning av forureining (forurensningsforskriften)», del 4, samt kapittel 16 om vass- og avløpsgebyrer. Forskrifta vart gjeldande frå 01.01.2007 og bygger på EU's avløpsdirektiv. Forskrifta klargjer dei delane av forureiningslova som er spesielt for kommunens handtering av avløpssaker.

Kapittel 16 regulerar rammene for kommunens innkrevjing av vatn- og avløpsgebyr. Prinsippet er at kommunen kan krevje inn gebyr tilsvarende utgiftene til drift og investering av vatn- og avløpsanlegga (sjølvkostprinsippet). Det er ikkje høve til å nytte desse inntektene til andre føremål.

### **2.1.4 Vassressurslova**

Lov av 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) har som føremål (§ 1) «å sikre en samfunnsmessig forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann» All aktivitet som har verknad på vassdrag og grunnvatn omfattas av lova.

### **2.1.5 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg**

Lova erstattar tidlegare lov om kommunale vass- og avløpsgebyr og gjev retningslinjer for innkrevjing av vass- og avløpsgebyr samt godkjenning av private vass- og avløpsanlegg.

### **2.1.6 Forskrift om rammer for «vannforvaltning»**

«Forskrift om rammer for vannforvaltning – vannforskriften» - er det norske namnet til bestemmingane som er heimla i EU's vannrammedirektiv. EU- direktivet beskrev korleis 7

arbeidet med heilskapleg vassforvaltning skal gjennomførast og angir minimumsrammer for heilskapleg og kunnskapsbasera vassressursforvaltning med vekt på god økologisk status i vassførekostane. Gjennom EØS-samarbeidet er Noreg forplikta til å fylge direktivets målsetningar.

I samsvar med vassforskrifta er Noreg delt inn i 11 vassregionar og innom desse regionane skal det utarbeidast forvaltningsplanar med miljømål og tiltaksprogram for den enkelte vassførekost og eventuelle tilhøyrande vassdrag. Planane for vassområda som er med i fyrste runde (fristen var 2015) er vedtatt i fylkestinga i vassregionen som regional plan heimlet i PBL og godkjent av kongen i statsråd 11.06.2010.

## **2.1.7 Drikkevassforskrifta**

EUs drikkevassdirektiv 98/83/EF er innarbeidd i norsk regelverk ved "Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)". Direktivet er eit minimumsdirektiv som Noreg må følgje, men står fritt til å velje strengare krav enn det som er gjeve, eller og andre krav enn det direktivet omtalar. Drikkevassdirektivet sett krav til minimum antal prøver som må takast av drikkevatnet kvart år. I samsvar med drikkevassforskrifta skal kommunen utarbeide beredskapsplanar for reservevassforsyning. Vassverk som forsyner over 20 einingar eller meir enn 50 personar, helseinstitusjon, skular, bornehagar er godkjenningspliktige i samsvar med forskriftas §8

## **2.1.8 Internkontrollforskrifta**

Krav om internkontroll er heimla både i næringsmiddellovgjevnaden (IK-MAT) og i kommunehelsetenestelova. IK-MAT gjeld for alle godkjenningspliktige vassanlegg. Forskrifta pålegg eigar å dokumentere at regelverket vert fylgt. Internkontrollforskrifta gjeld både indre og ytre miljø.

## **2.2 LOKALE RAMMEBETINGELSER**

### **2.2.1 EU's rammedirektiv for vatn**

Seljord kommune tilhører Vannregion Vestfold og Telemark. Vannregionen dekkjer vassdraga Numedalslågen, Skiens- Farris-, Auli og Kragerøvassdraget og tilhøyrande kystområder fordelt på ti vassområder. Vassregionen strekkjer seg fra Hardangervidda i nord til Oslofjorden i sørøst.

Vassregionen er organisera med ein politisk styringsgruppe, arbeidsutvalg og referansegrupper i tillegg til at det er ansatt eigen vassområdekoordinator.

Plandokument for Vannregion Vestfold og Telemark i perioden 2016-2021 er dokumenta for Vannregion Vest-Viken 2016-2021. Årsaken til denne fordelinga er fylkessamanslåinga.

Meir informasjon om vassregionen ligg på heimesida [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no).

### **2.2.2 Lokal føresegn om vass- og avløpsgebyr**

Seljord kommune vedtok 23.10.2014 ny føresegn om vass- og avløpsgebyr for Seljord kommune med verknad frå 01.01.2015. Føresegna gjev klare retningsliner om heimel for innkrevjing av gebyr på vatn og avløpstenestene. Sjølv gebyrregulativet vert justera årleg i den kommunale budsjettprosessen.

Hovudplan vatn og avløp, Seljord kommune, 2020-2030. Vedteken av kommunestyret 10.12.2020.

## 2.2.3 Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Seljord kommune vedtok 23.10.2014 Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – administrative og tekniske bestemmingar. Føremålet med bestemmingane er å:

- fastsetje leveringsvilkår og vilkår kommunen, som eigar av offentlege vatn- og avløpsanlegg og leverandør av tenestene, stiller for tilknyting til og bruk av offentlege vass og avløpsanlegg. Dette omfattar og det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent som er eller blir tilknytt offentleg vatn- og avløpsanlegg.
- stille krav til aktørar slik at dei private vatn- og avløpsanlegga som tilknytast kommunalt nett, blir utført på ein trygg måte med omsyn til funksjonstryggleik, anleggs- og utstyrskvalitet.

## 3. FOLKETALSUTVIKLING –FASTBUANDE, REISELIV OG HYTTER

### 3.1 FOLKEMENGDE FASTBUANDE

Folketalsutviklinga er viktig for planlegging av VA infrastruktur. Det er store kostnader knytt til etablering av infrastruktur men levealder på infrastrukturen er lang (40-100 år på gode leidningar) og avkastninga kan difor vere god på lang sikt. Ved stor auke i folketalet vil ein kunne få for liten kapasitet ved eksisterande nett om dimensjoneringa er for låg. Samstundes vil kostnadane bli høge og drifta noko meir komplisert om leidningsnett vert dimensjonert for stort.

Folketalsutviklinga i Seljord er dei siste åri relativ beskjeden med tanke på fastbuande i kommunen men SSB si prognose fram mot 2040 syner at innbyggartalet vil synke litt under dagens nivå.

Folketalsutviklinga fram mot 2040 syner ingen dramatiske negative endringar i folketalet, sjølv om prognosa viser negative tall, men til dømes kan krav til avløpsrensing endre seg i reinsdistrikta Seljord og Flatdal.

Tabell 1 Folketalsutviklinga i Seljord analyse 2019 – 2040

År	2019 (31.12.2019)	2030	2040
Folketal	2888	2864	2867

Frå SSB 2020

### 3.2 FOLKETALSTILSKOT - FRITIDSBUSTADER

Antall fritidsbeboarar i kommunen har vore stabil dei siste 10 åri. Korleis denne utviklinga kjem til å fortsette er uvist men truleg kjem ein i fritidsbustadar som ynskjer å kople seg på kommunalt nett til å få ein liten vekst i perioden fram mot 2040. Dette må ein sjå i samanheng med auke i eldre personar med god helse, men og auken i bruk av heimekontor.

Samt ei auke i personar som arvar bustadar, men som ikkje bur i kommunen. Utfordringane er difor å planlegge kapasitet på nett og produksjon for både vatn og avløp på stutt og lang sikt.

Folketal i høgtider, festivaltider og bruksesong av hytter er stigande og truleg vil denne utviklinga halde fram. Så langt er det kun eit fåtall som er påkobla kommunalt nett, dersom ein ser bort frå camping- og festivalplassane.

Men ein må ta høgde for strengare sentrale krav, og omdisponering av bustadar.

Forbruket ifb arrangementer på Dysrkuplassen er sterkt stigande, og ein ser her den største påverkningsfaktoren for utbygging i Seljord sentrum, både på vatn- og avløp.

### **3.3 KLIMA OG OVERVASSHANDTERING**

I følgje FNs klimapanel (IPCC) er klimaendringane ein av dei største miljømessige, sosiale og økonomiske utfordringar verda står ovanfor. Globalt har både gjennomsnittlige luft- og havtemperaturar stige de seiste åra. Ei oppvarming av jorda omfattar smelting av sno og is og et stigande gjennomsnittleg havnivå.

Trenden for Noreg er at det blir meir av væertyper me i dag kallar ekstremvær, både oftare og lengre tørkeperiodar, samt fleire og hyppigare, intense nedbørssituasjonar. Scenario utført av RegClime viser at det for Austlandet kan forventast 5-10 % auke i antal dygn med opphaldsver samstundes som episodar med ekstreme nedbørsmengder vil opptre oftare (kjelde: Norsk Vann rapport 162/2008). Dette, i kombinasjon med høg befolningsvekst og fortetting av eksisterande bustadområde, kan bidra til å auke overvassmengda med opptil 50 %. 10

#### **3.3.1 Klima- og Energiplan Seljord kommune**

Planarbeidet for ein felles klima- og energiplan for Vest-Telemark er under utarbeiding. Og ein felles plan har som målsetting å vera vedtekjen i løpet av 2021. Fokus for Seljord bør vera generelle klima utfordringar knytt til ekstremver med påfylgjande flaum, turke etc. For Seljord kommune sin del er situasjonen noko anna sidan det er relative små sentra med tilhøyrande små bustadområde men og i Seljord har dei seinste åra vore utfordrande med omsyn til overvatn, snosmelting og lokale flaumar. Her har ein spesielt sett kva påverknad vassdraga i Flatdal og Seljordvatnet får ved større nedbørsmengder og snosmelting.

Planlegging av gode overvasssystem er viktig for å unngå uønskt hendingar i framtida og Seljord kommune har utfordringar i visse delar av kommunen. Ein vil her sjå på løysingar som bygger på bortleiring av vatn i rør, men også bevisst bruk av opne vassvegar og lokale overvasshåndteringar.

### **3.4 PLANLAGDE OG EKSISTERANDE UΤBYGGINGSOMRÅDE**

#### **3.4.1 Bustadbygging**

Seljord kommune har vedteke kommunal planstrategi for perioden 2016-2019 og konklusjonen er at det er ei begrensa auke i antal nybygging av bustadhus. Det er samstundes viktig å legge til rette for vidare utbygging av bustader.

Område	Antal ledige bustadtomter i kommunale/private felt	Antal planlagte tomter fram mot 2030
Tømmeråsen	7	
Prestegardslia		40
Sinnesodden		64

#### **3.4.2 Næringsareal - næringsbygg**

Følgjande områder har ledige areal/tomter for næring;

Område	Næringsareal/tomter	Antal nye tomter planlagte
Vekan	2	
Nordbygdi		4
Århusmoen	1	2

## **4. AVLØP -TILKNYTT INNDELT ETTER REINSEDISTRIKT**

Tabellen syner oversikt over antal tilknytte personar i dei ulike reinsedistrikta i Seljord kommune. Personekvivalent vert nytta som eit mål på kor mykje ein person forbrukar vatn i løpet av eit døgn i gjennomsnitt over året og her er omrekningsfaktorar for å få med næringsaktivitetar, institusjonar mm med i grunnlaget.

Tabell 3. Viser kva for reinsedistrikt dei forskjellige utsleppsløyva for kommunalt avløpsanlegg er gjevne til.

Reinsedistrikt (tilknytt vatn og/eller avløp)	Utsleppsløyve Antal pe	Pe utrekna etter NS 9426. Høgste verdi 2017-2019	Merknadar

Seljord	2000	8152	Renseanlegget er dimensjonera for 3000pe Den store belastninga er forårsaka av aktivitetar ifb Dyrskuen
Århusmoen	50		Nytt reinseanlegg er under bygging, og vil stå ferdig hausten 2020.
Flatdal	300	139	Anlegget har stor kapasitet iforhald til belastning.
Åmotsdal	10	7	Avløpsanlegget er ei infiltrasjonsgrøft.

#### 4.1 OVERORDNA TILSTANDSVURDERING AVLØPSANLEGGA I Seljord

I denne planen vert det bare gjort greie for tilstand i grove trekk. Med tilstand meinast evna til å reinse avløpsvatn (prosess – ytre miljø), fysisk arbeidsmiljø (indre miljø) og bygningsmessig standard.

Tabell 4 Tilstanden vert vurdert på ein skala 1-5 der 5 er høgast og 1 er dårligast.

Anlegg/ tilstand	Tilstand ytre Miljø	Tilstand indre miljø	Bygning og maskiner	Nett	Merknadar
Seljord	4	4	5	3	Renseanlegget vart bygd i 2006, det er eit problem med lukt i ytre miljø. Ein del innlekk på nett.
Århusmoen	5	5	5	5	Nytt anlegg i 2020.
Flatdal	4	3	3	2	Renseanlegget er frå 1974. Det har kun vore mindre vedlikehald og oppgradering utført. Mykje innlekk på nett. Det er nytta bark istaden for pukk.
Åmotsdal	4	4	3	4	Infiltrasjonsgrøft, ukjent effekt. Styreskap ikkje overbygd.

## 5. OVERVASSNETT I Seljord

Seljord kommune har overvass-system knytt til kommunale vegar i form av stikkrenner og noko lengre strekk med lukka bekkar. I dei fleste kommunale felt er det eigne overvass-system, men nokre eldre bustadkrullar har løysinga på overvatn løyst med t.d lokal bakkedrenering.

Det er mange utfordringar i kommunale felt og bustadkrullar generelt når ikkje dreneringstilhøve av overvatn er planlagt. Difor skal alle nye felt bli planlagt med eige overvass-system som abonnentane må knytte seg til. Dersom ikkje abonnentane kan få tilfredstillande løysingar på eiga tomt. Ein må her vera særmerksam på grannelova §2 I ein periode var også lukking av opne bekkar og flomvegar tiltak som vart gjort. I etterkant ser ein at dette nok ikkje var ei god løysing, og ein må tenke på korleis ein kan reversere desse inngrepa.

Fyrste steget i overvasshåndtering er å få kartlagt overvassnettet i kommunen, særskilt der infrastruktur kan vera utsatt for flom.

### 5.1 OVERORDNA VURDERING AV OVERVASSUTBETRINGER Seljord

Område	Type nett	Merknadar
Seljord	Flomvegar, stikkrenner, Kulvertar, opning av gamle flomvegar avrenning frå bustad.	Ein har hatt kartlegging på Gravshaugbekken, Tussejuvbekken og Kjempa. Ei kartlegging av resten av Seljord er naudsynt. Men ein har starta opp med nokre tiltak, etter tilskot frå NVE.
Flatdal	Flomvegar, stikkrenner, Kulvertar, opning av gamle flomvegar.	Ei kartlegging er naudsynt før ein gjere tiltak.
Åmotsdal	Flomvegar, stikkrenner, Kulvertar, opning av gamle vegar, avrenning frå bustad.	Ei kartlegging er naudsynt før ein gjere tiltak.
Øvrige områder	Flomvegar, stikkrenner, Kulvertar, opning av gamle flomvegar.	Ei kartlegging er naudsynt før ein gjere tiltak.

## 6. VASSFORSYNING I Seljord

Seljord kommune forsyner i dag om lag 1 150 bustader, hytter og næringseiningar med vatn frå kommunale vassverk. Vassverk med fleir enn 20 abonnentar , 50 personar eller forsyner

helseinstitusjon, skular, bornehagar er godkjenningspliktige vassverk. Godkjenningsordninga vert administrert av Mattilsynet.

### **6.1 GODKJENTE OFFENTLEGE VASSVERK I Seljord KOMMUNE**

Oversikt over status på godkjende vassverk i Seljord kommune:

Vassverk	Godkjend (år)	Merknadar
Seljord	2016	Nytt vassveri 2016.
Århusmoen	2020.?	Nytt vassverk vert ferdigstilt i 2020
Flatdal	1991	Flatdal vassverk leverar godt vatn utan noko særleg behandling.
Åmotsdal	1981.?	Det fyrste vassverket er frå 1981

### **6.2 OVERORDNA TILSTANDSVURDERING AV VASSFORSYNINGA I Seljord**

Vurderinga i tabellen under er overordna men tek for seg vasskvalitet, trykktihøve, tilstand på bygg og maskiner samt leidningsnett.

Anlegg/ tilstand	Vass- kvalitet	Forsyn- ingstr yggjelek	Bygning og maskiner	Nett	Merknadar
Seljord	5	4	5	2	Mykje utlekk, ca 40% utlekk
Århusmoen	5	5	5	5	Nytt vassverk ferdigstilt i år
Flatdal	5	4	4	3	Ein del utlekk, ca 20%, Bygningsamassa treng renovering.
Åmotsdal	5	4	4	3	Lite utlekk, men det er brukta bark istaden for pukk.

## **7. HANDLINGSPLAN FOR VA OG OVERVASSHANDSAMING 2020-2025**

For å handtere vidare utbygging på ein forsvarleg måte er det naudsynt med gjennomgang og kapasitetsvurdering av heile vass- og avløpsnettet i Seljord og Flatdal reinsdistrikt/forsyningssområde. Ein slik kapasitetsvurdering vil kunne gje tydlegare svar på naudsynt kapasitetsauke i dei einskilde områda.

Hovudplan vatn og avløp, Seljord kommune, 2020-2030. Vedteken av kommunestyret 10.12.2020.

Det vart gjennomført ein vurdering av Seljord reinseanlegg i 2020, og resultatet kartla eit behov for utbygging av Seljord RA.

## **7.1 TILTAK GENERELT VASSFORSYNING, AVLØPSREINSING OG OVERVASSHANDSAMING**

Seljord kommune har ein del generelle tiltak som gjeld alle anlegg. Følgjande tiltak er prioritert og ein del er påbyrja og noko er ferdig.

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Kartlegging av overvatn Tussejuvbekken, Kjempa og Gravshaugbekken	2019	100`	Støtte frå NVE. Nokre tiltak er allereie iverksett.
Kamerakøyring avløpsnett Seljord og Flatdal	2020-2025	1 800`	Ein har kamerakøyrt delar av nettet i Seljord og Flatdal. Mykje gjennstår. Einaste måten å få tilstandsvurdering på.

## **7.2 OMRÅDET Flatdal – KOMMUNEDELPLAN**

### **7.2.1 Avløpsreinsing Flatdal**

Området Flatdal har ein rekke utfordringar i høve dagens VA infrastruktur med mykje innlekk av fremmedvatn, og bark som er nytta istaden for pukk. Flatdal reinseanlegg treng og ein stor renovering, og det er mest fornuftig å bygge nytt. Ein bør også avkloakere resten av bebyggelsen i Flatdal, særleg områda landsbyen og mot Nutheim. Seljord kommune kjem til å gå inn for følgjande tiltak i perioden:

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Nytt reinseanlegg	2029-2030	8 000`	Bygging av nytt reinseanlegg.
Rehabelitering av leidningsnett	2021-2025	2 500`	
Avkloakering	2029-2030	6 500`	

### **7.2.2 Vassforsyning Flatdal**

Vassforsyninga i Flatdal har ein del utlekk, ca 20%, lokalisering og utbetring av desse lekkasjane er eit hovudfokus. I samanheng med avkloakering i Flatdal bør ein også føre fram kommunalt vatn i sama traseen. Bygningane treng også renovering.

Tiltak	År	Kostnad	Merknader

Rehabelitering av leidningsnett	2021-2025	2 500`
Framføring av vatn til nye abonnementar	2029-2030	3 000`
Renovering av byggningsmassa	2026-2030	1 500`

## 7.3 OMRÅDET Århus

### 7.3.1 Avløpsreinsing Århus

Området Århus, Århusmoen har i dag mykje private avløpsanlegg. Når ein nå etablerar nytt VA-anlegg på Århusmoen så vil ein avkloakere området, og få sanert dei private løysingane.

Bygging av nytt VA-anlegg var kontraktsfesta med Telemark Technologies AS i 2017. Ein har valgt å ta dette med som eit punkt under tiltak, sidan utbygginga vert ferdigstilt i 2020.

### 7.3.2 Vassforsyning Århus

Århusmoen har i dag ei kommunal vassforsyning, dette er ein grunnvassbrønn. Som i hovudsak har tilførsel via øvre sjikt i grunnen. Og har tidlegare vore utsett for bakteriell forureining. Det vart montert uv-filter i 2018 for å elminere den bakterielle forureininga.

I kollonna under har ein slått saman tiltaka for både avløp- og vatn på Århusmoen.

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Nytt VA-anlegg	2020	4 000`	1 834` er allereie utbetalt
Endringar ifb tilkoplingar nytt VA-anlegg	2020	750`	Dette går stort sett på kummar for tilkopling, og mindre endringar.
Søknad om plangodkjennung	2020	50`	

*Det er ikkje planlagt noko meire utbygging, rehabelitering utover ferdigstillelse av nytt VA-anlegg på Århus.*

## 7.4 OMRÅDET Åmotsdal

### 7.4.1 Avløpsreinsing Åmotsdal

Kommunal avløpsrensinga i Åmotsdal føregår via infiltrasjonsgrøft i grunnen. Dette er eit enkelt anlegg som har 3 bustadhús påkopla.

Hovudplan vatn og avløp, Seljord kommune, 2020-2030. Vedteken av kommunestyret 10.12.2020.

Ein er ukjent med kvalitet og reinseeffekt.

Kommunen bør vurdere ei rehabilitering eller utbygging, slik at ein kan avkloakere mange av dei private avløpsanlegga som i dag ligg i området Steinmoen, butikken i Åmotsdal.

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Rehabilitering avkloakering	2027-2030	4 000`	Må sjås i samanheng med nye krav som kjem i 2027

#### 7.4.2 Vassforsyning Åmotsdal

Åmotsdal vassverk er ein grunnvassbrønn med uv-filter. Ein har ikkje kartlagt lekasjeomfanget her, men ein må anta at det her også er lekasjer i størrelse ca 20%. Ein del av rørleidningane er omfylt med bark, og dette vil gjennom tid medføre fare for lekasjer. Bygningsmessig må ein pårekne mindre vedlikehald dei neste åra.

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Rehabelitering leidningsnett	2021-2023	750`	Kan kanskje utsetjast til ei avkloakering av Åmotsdal skjer.
Rehabilitering bygningar	2021-2023	600`	

### 7.5 OMRÅDET Seljord

#### 7.5.1 Avløpsreinsing Seljord

Seljord reinsdistrikt, med Seljord reinseanlegg som avløpsreinsing er eit reinseanlegg frå 2006. Kapasiteten her er for liten med tanke på arrangement på Dyrskuplassen, og ein må her sjå på ei større utbygging for å få opp kapasiteten.

I 2020 var det utført ein kapasitetsvurdering av reinseanlegget. Rapporten her viser ei stor belastning, og kommunen må foreta utbyggingar slik at ein tilfredstiller krava

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Utbygging Seljord RA	2022	6 000`	Ein ser for seg ein form for bufferløysning.
Prosjektering tiltak RA	2021	1 581`	
Rehabilitering leidningsnett	2021-2030	15 000`	Leidningsnettet har mykje innlekk

#### 7.5.2 Vassforsyning Seljord

Seljord vassverk vart bygd ny i 2016, det gamle vassverket på Eventyrøy er framleis i funksjonabel tilstand, men skal sjaltast ut.

Seljord vassverk har hatt sine innkøyringsproblem i startfasen, men mange av problema er elminera.

Den største utfordinga for vassforsyninga i Seljord er lekkasjer. Ein har starta opp eit arbeide med lekkasjesøk og kartlegging av leidningsnettet.

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Rehabilitering av leidningsnett	2021-2030	15 000`	Leidningsnettet har eit mykje utelekk.

## 7.6 ØVRIGE OMRÅDET

### 7.6.1 Avløpsreinsing i øvrige områder av Seljord kommune

Seljord kommune har særslit informasjon angåande tilstanden på private avløpsanlegg og større private avløpsanlegg (campingplassar og hyttefelt).

Ein starta opp eit forsøksprosjekt med kartlegging av plassering i Vefall-Brekkegrend hausten 2019. Dette er ei kartlegging ein vil fortsette med. Både for å prøve å få oversikt over lokasjonar opp mot private/offentlege drikkevasskjelder. Men og med tanke på dei nasjonale krava som vert innført i 2027, som pålegg kommunane å ha oversikt med private avløpsanlegg. Deretter vil anleggseigerar få krav i 2032 til å dokumentere at anlegga er iht gjeldande krav.

### 7.6.2 Vassforsyning i øvrige områder av Seljord kommune.

Seljord kommune har særslit informasjon angåande tilstanden på private vassforsyningar, både små og store private avløpsanlegg (campingplassar og hyttefelt).

Ein starta opp eit forsøksprosjekt med kartlegging av plassering i Vefall-Brekkegrend hausten 2019. Dette er ei kartlegging ein vil fortsette med. Både for å prøve å få oversikt over lokasjonar opp mot private/offentlege drikkevasskjelder.

*Tiltaka under gjeld både for avløp og vatn*

Tiltak	År	Kostnad	Merknader
Kartlegging av private anlegg	2025-2026	300`	Arbeid med kartlegging

## 8. FINANSIERING OG SJØLVKOST

Seljord kommune vedtok i desember 2015 at kostnadane knytt til vatn og avløp skal dekkast i samsvar med sjølvkostprinsippet jmf retningsliner (H-2140 – retningslinjer for geregning av selvkost for kommunale betalingstjenester).

## *8.1 INVESTERINGAR 2020-2030*

Hovudplanen VA syner eit relativt stort investeringsbehov i perioden 2020-2030. Tabellen under viser eit estimera investeringsbehov:

Investeringar	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
<b>Tall i millionar</b>											
	3 266`	6 330`	10 750`	4 750`	4 300`	4 450`	3 450`	4 300`	4 300`	13 050`	13 050`

Ein ser at estimatet for investeringar i tidsrommet 2020 – 2030 er på anslagsvis 72 000 000,- Dette er ut frå dagens perspektiv, og summane kan endre seg når tiltaka vert iverksatt.

## *8.2 KONSEKVENSAR FOR DRIFT*

Vidare investeringar, utbyggingar og meir komplekse reinseanlegg vil auke driftskostnadane ein del.

## *8.3 FINANSIERING AV VIDARE INVESTERING OG PÅFØLGJANDE DRIFT – AUKING AV AVGIFTER*

Seljord kommune er nok ikkje i noko særstilling angåande økonomiske utfordringar på eksisterande VA-anlegg.

Finansiering av utbetringar, rehabilitering, drift og utbygging må stort sett bli finansiert via avgiftsauke.